

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hjelmeland.

Emne: Drikk til maten til kvardags Bygdela: Hjelmeland.

Oppskr. av: Å nund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmeland.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Ellen Erland f. 29/7 1873. Husmor.

SVAR

Det vart nok brukt meir surmelk før enn no. Som "tostadrikka" brukte dei ò det mykje, ofte blanda med vatn (bleng). Når fiskarane skulle på vinterfiske tok dei med seg kagg-ar fyllte med sjør. Som drikk når dei var tyrste brukte dei ò dei og saup blanda med vatn. Saup vart og kokt saman med mōsa til "mōsmør", eller prim. Saup, skomde melk, sirupp og kveitemjøl vart saupost. Slike ting vert nok lite laga no. Heimegbryggja øl vart og mykje meir brukt før. Det var serleg i onnetider (Vinna og slåtten) det vart mest brukt. Ja sjølsagt også til høgtid og fest. Dravet vart tilsett vatn, så var det tunnt øl; mest brukt ute på arbeid.

Om kaffi fortel Jakob Gunnufsen (2184 år) at mor hans f. 1827 kunne hugsa, at då ho var ung kom det fantar og ville låna gryta, dei skulle koka kaffi. Då ^{fantane} ~~dei~~ var gått prøvde dei med vatn på gruten, då det var kome på kok skulle dei prøva denne drikken. Men dei likte han ikkje, Dei sputta han ut att. Det er omlag llo år sidan dette hende. Det fortelst også, at med same kaffien kom, så koke dei han opp og åt gruten, dei visste kje betre. Kaffien vart brukt finmalen, og havt i kjelen mens vatnet var kaldt. Sume hadde litt salt i han. Klåreskinn brukte dei mykje før, det var turka fiskaskinn. Før vart det mykje spått i kaffigrut, helst av ungdomen. Sume brukte kanel

2.

i kaffien. Sukker til kaffi var og er vanleg. Før var det mykje kandis, no raffinade. Og meste parten brukte fløyte i han. Det hende og at sume vispa egg i kaffien. Kaffirot vart mykje brukt før, ho var billeg, det er kanskje derfor det er heilt slutt med å bruka den. Kva tid dei for å l- vor tok til å drikka kaffi her, er ikkje godt å veta, men det var vel omlag 1850. No drikk me kaffi både 3 og 4 goner dagleg mange av oss.

Te vart svert lite brukt, og er det enno. Før laga dei seg ein te sjølv av hylleber.

Brennevin var dei stje på i gamle dagar. Mange hadde brennevins krukker, så gjekk dei i lag og fekk heim eitt anker, dette delte dei då seg imellom, og hadde oppi kvar si krukka. Under delinga smakte sume vel mykje på denne drikken, så krukkene vart helst slunkne før dei kom heim med dei. Brennevin var ikkje vanleg drikk til kvardags. Det var til helg og høgtid, fest og bryllaupp, Ja, så skulle no allslag ting og hende krømpast i den tida. Hadde ein t.d. fått seg noko nytt, bygd seg hus, ferdig med viktige arbeid o.s.b. så måtte denne person til med dramm, elles var han ein stakkar til kar. Det var den gongen. No vert det meir brukt alkohol frie ~~drikkar~~ ~~arx~~ drikkevarer t.d. vorterøl, landsøl, brus o.l.